

Resolusjon frå Austevoll Høgre.
Oversendt til fylkesårsmøte i Vestland Høgre.

Nei til ekstraskatt på havnæringane – vern om det lokale eigarskapet

Nei til særskatt på norsk havbruk

Regjeringa har lagt opp til eit skatteregime for norsk oppdrettsnæring som vil vera øydeleggjande for vidare utvikling av næringa. Skattlegginga som er foreslått vil setja brems for den positive utviklinga ein har hatt langs kysten som følgje av oppdrettsnæringa si sterke og gode utvikling.

Oppdrettsnæringa er basert på globale marknader med globale aktørar. Særnorsk skatteregime på eit slike nivå som foreslått, vil sterkt svekka norske oppdrettsaktørar i den globale konkurransen. Innføringa av eit slikt skatteregime står i sterk kontrast til behovet til næringa for stabile og forutsigbare rammevilkår. Skatteregimet står også i kontrast til den langsiktige trenden for bedriftsskattlegging i Norge, nærare eit internasjonalt skattenivå og struktur, og som også regjeringa Gro Harlem Brundtland medverka til.

Norsk oppdrettsnæring har i dag ein leiande global posisjon og næringa er verdsleiande med omsyn til teknologiutvikling, konstruksjon og drift av både flytande anlegg i sjø og ikkje minst produksjon av storsmolt og matfisk på land. Denne verdsleiande posisjonen vil stå i fare for å gå tapt. Grunnlaget for at næringa etterkvart skal kunna vera med å overta etter oljeverksemda som viktigaste eksportnæring, vert derfor kraftig svekka.

I sin verste konsekvens kan skattebyrda verta over 100 prosent dersom ein driv med vidareforedling basert på langsiktige kontraktar. Vidareforedlingsindustrien vil kunna verta avvikla og grunnlaget for den veksande leverandørindustrien vil verta kraftig redusert ettersom større investeringar vil verta kansellerte. Resultatet til slutt vert sterkt redusert verksemd langs kysten med store tap av arbeidsplassar i utkantstrok som konsekvens.

Innføring av ressursrente på oppdrettsverksemd byggjer på sviktande grunnlag. Næringa forbrukar ikkje naturressursar, lokalitetar som vert fråflytta vil vera utan spor etter oppdrettsverksemd og utan nokon form for naturinngrep. Verdskapinga i havbruksbedriftene skuldast ikkje bruk av fellesskapsressursar. Innsatsfaktorane som smolt, fôr og flyteanlegg er ikkje fellesskapsressursar, men derimot innsatsar som den einskilde oppdrettar sjølv har produsert og anskaffa. Dette er på linje med alle andre produksjonsbransjar, inkludert matproduksjon på land. I den grad det er rimeleg at oppdrettsnæringa skal betala meir for retten til å nytta avgrensa sjøområde, kan dette meir treffande regulerast gjennom ei arealavgift eller -leige som direkte tilfell dei kommunane som legg til rette for havbruk i konkurranse med andre interesser for dei same sjøområda.

At styresmaktene regulerer ei næring i form av løyver og konsesjonar er ikkje einstyddande med at prinsippa for ressursrente automatisk er til stades. Dessutan har staten allereie innkassert ei betydeleg «ressursrente» gjennom dei vederlaga som er betalt for nye konsesjonar og gjennom den produksjonsavgift som allereie er innført.

Vern om lokalt eigarskap

Noreg har mest av alt ein kyst der store og små, kjente og ukjente gründerar har medverka til at vi som landsdel og nasjon har kunne gripe moglegheitene som kysten gjev oss. Gjennom dei siste åra har vi sett ei sterk utvikling i verdiskaping langs kysten med oppdrettsnæringa som eit særskilt viktig grunnlag. Risikoen og innsatsen er det for det meste gründerar, familiar, lokalsamfunn som har teke med finansiell tryggleik, politisk stabilitet og gode velferdstilbod som følge. Det å vidareføre og forbedra økonomiske og politiske rammevilkår må vera ei sentral oppgave for staten. Det motsette vil vera eit stort tilbakesteg ikkje berre for kysten, men etterkvart også for heile nasjonen.

I ei tid med internasjonal uro, auka levekostnader, aukande kostnader for bedrifter, og meir utryggleik for marknadane heime og ute, bør statens bidrag vere å skape tryggleik og stabilitet. Regjeringas politikk legg opp til det motsette. Regjeringa svekker det norske eigarskapet av norske bedrifter. Auka formuesskatt og redusert aksjerabatt betyr at det blir endå dyrare å eige aksjar i norske bedrifter. Frå og med inntektsåret 2022 vil også endra praksis for formuesfastsetjing av oppdrettstillatelsar erverva før 1998 føre til ei markant skjerpning for eigarane i ikkje-børsnoterte norske oppdrettsselskap. Denne endringa vil utfordre eigarskapet i havbruksnæringa, og vere til skade for lokal utvikling. At ein samstundes aukar utbytteskatten er ein hån mot bedriftseigarane fordi mange nettopp må ta utbytte frå bedrifta for å betale formuesskatten.

Vestland Høgre meiner formueskatten må fjernast heilt. Det er urimeleg at noko så samfunnsgagnleg som lokalt, privat eigarskap blir skattlagt gjennom formuesskatten. I Noreg tenkjer vi gjerne at avstanden frå Storting til vestlandskyst ikkje er så lang. Sjølv om rikspolitikken og riksmidia har mest merksemd på Oslo-nære saker, så demmer dei folkevalde på Stortinget og regjering i sitt daglege virke opp for dette. Då regjeringa la fram sitt statsbudsjett denne hausten, og i den samanheng la fram forslag om ressursrente for havbruk, sprakk dette biletet. Sentrum-periferi-aksen har sjeldan kome så sterkt til syne som då regjeringa foreslo dette. Det har kome protestar frå lokalsamfunn og kommunar langs heile Norskekysten. Der styresmaktene gjennom tiltak og kommunikasjon dempa konsekvensane av koronapandemien, sørgjer dagens regjering for at ein krevjande situasjon blir endå verre. Vestland Høgre oppmodar derfor regjeringa om å legge vekk kontroversielle og splittande forslag og ta innover seg behovet for føreseielege rammevilkår for næringslivet og havbruket.

Vestland Høgre meiner at:

- Forslag om ny ressursrente for havbruk må skrinleggjast. Næringa sin kompensasjon til samfunnet for bruk av sjøareal, kan som i dag baserast på betaling av vederlag for ny konsesjonskapasitet, produksjonsavgift og eventuelt ei form for arealleige.
- Formuesskatten på arbeidande kapital må fjernast heilt og satsar for generell formueskatt må reduserast.
- Det må bli meir lønsamt å driva og eiga bedrift i Norge og ikkje det motsette gjennom urimelege skattar.